

Kva:	Møte nr. 03 i Langrennskomiteen, 2025-2027
Tidspunkt:	Måndag 17. november 2025, kl. 20:00-21:30
Stad:	Digitalt via Microsoft Teams
Sakliste:	REFERATSAKER SAK 20 25-27 Godkjenning av innkalling og sakliste SAK 21 25-27 Godkjenning av protokoll nr. 02 25-27 i LK SAK 22 25-27 Godkjenning av referat haustmøte LK DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER SAK 23 25-27 Oppfølging terminlista langrenn 2025/2026 SAK 24 25-27 Ny modell gj. føring sprintstafett SAK 25 25-27 Rennreglement SSF Cupen 2025/2026 SAK 26 25-27 Rammer for budsjett 2026 RAPPORTERINGSSAKER SAK 27 25-27 Rekneskapsrapport EVENTUELT SAK 28 25-27 Gjennomføring sprint
Til stades:	André Haugsbø, Ellen Blom, Erik Brenne, Eline Orheim, Reidun Smørdal Hjelle og Kennet Dvergedal
Forfall:	Torstein B. Blikra
Referent:	Kennet Dvergedal

REFERATSAKER

SAK 20 25-27

Godkjenning av innkalling og sakliste

Bakgrunn

Innkalling med sakliste og vedlegg er utsendt på førehand.

VEDTAK

Langrennskomiteen godkjenner innkalling og sakliste.

SAK 21 25-27

Godkjenning av protokoll nr. 02 23-25 i LK

Bakgrunn

Protokoll nr. 02 25-27 frå langrennskomiteen er sendt ut og godkjent elektronisk tidlegare. Protokollen ligg også vedlagt.

VEDTAK

Langrennskomiteen godkjenner protokoll nr. 02 25-27.

**SAK 22 25-27****Godkjenning av referat frå Haustmøte LK****Bakgrunn**

Referat frå langrennskomiteen sitt haustmøte på Sandane 24. oktober 2025 ligg vedlagt.

VEDTAK

Langrennskomiteen godkjenner referatet.

DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER**SAK 23 25-27****Oppfølging terminlista langrenn 2025/2026****Bakgrunn**

Terminlista for langrenn 2025/2026 vart vedteken på haustmøte 26. oktober. Med bakgrunn i terminlista bør langrennskomiteen følgje opp følgjande punkt:

- Overnatting i samband med dobbeltrenn i Markane 3.-4. januar, Langeland 25.-26. januar, og Sogndal/ Hafslo 7.-8. mars.
- Smøreopplegg i samband med klassiskrenn i SSF Cupen

VEDTAK

Langrennskomiteen gjer vedtak om å legge til rette for overnatting i samband med helger med dobbeltrenn i lag med arrangørane. Overnattingstilbodet bør vere så rimeleg som mogleg.

Vidare gjer langrennskomiteen vedtak om å oppfordre arrangørar av krinsrenn i klassisk om å engasjere eigne personar som har ansvar for smøreservice. Skikrinsen stiller med smørekoffert og det utstyr/ smurning som ligg i den.

SAK 24 25-27**Ny modell gj. føring sprintstafett**

På haustmøte 26. oktober kom innspel om å gjennomføre sprintstafett på krinsrenn etter ein har gjennomført sprint. For å gjere sprintstafetten jamnast mogleg vart det spelt inn at ein deler inn i stafettlag på tvers av klubbar basert på prologtida.

Vedlagt ligg framlegg til rammer for gjennomføring av sprintstafett.

VEDTAK

Langrennskomiteen vedtek rammene for gjennomføring sprintstafett slik dei føreligg.



SAK 25 25-27

Rennreglement SSF Cupen 2025/2026

I terminlista for langrenn 2025/2026 blir følgjande arrangement teljande i fylkesbankcupen (SSF-cupen):

Dato	Stad.	Stilart/ arr.	Junior	11-16 år
22. des	TBD	Klassisk	1	1
3. jan	Ullsrennet	Friteknikk	2	2
4. jan	Ullsheim sprint	Sprint fri	3	3
24. jan	Langeland	KM sprint klassisk	4	4
25. jan	Langeland	KM klassisk	5	5
14. feb	Tua	Sprint fri	6	6
7. mars	Hodlekverrennet	Klassisk	7	7
8. mars	Hafslo	Sprint fri	8	8
21. mars	Veten	Finale fri	9	9

RENNREGLEMENT SSF CUP

Klasseinndeling

Cupen er open for aldersklassane 11-20 år (f. 2015-2006)

Tal renn

I klasse 11 og 12 år er 4 av 9 renn teljande i samandraget.

I klasse 13 - 16 år er 5 av 9 renn teljande i samandraget.

I juniorklassane er 5 av 9 renn teljande i samandraget.

Poengberekning

1. plass - 26 poeng

2. plass - 22 poeng

3. plass - 19 poeng

4. plass - 17 poeng

5. plass - 16 poeng

6.-20 plass gir 15 poeng - 1 poeng

Lik plassering gir likt tal poeng. Neste plass på poengskalaen skal då hoppast over.

Premiering

Dei tre beste i kvar klasse som har fullført minst 5 renn for klasse 13-16 år og junior (4 renn for klasse 11 og 12 år) får glaspokal for hhv. 1. 2. og 3. plass.

Ved lik poengsum totalt rangerer ein etter følgjande kriterie:

1. delteke på flest renn i SSF-Cupen 2025/2026

Alle som fullfører 4 renn eller meir for klassane 11 og 12 år, og 5 renn eller meir i klassane 13-16 år og junior, får deltakarpremie.



Premiering etter kvart renn jf. NSF sitt regelverk.

Ajourhald av resultata og informasjon om cup'en

Kvar einskild arrangør skal sende resultatlistar til krinskontoret og media straks etter rennet.

Arrangøren vil få utlevert materiell (sponsor).

VEDTAK

Langrennskomiteen vedtek regelverk for SSF Cupen 2025/2026 slik det føreligg med følgjande innspel;

Til kriterie for rangering ved lik poengsum legg ein inn følgjande punkt som blir gjeldande ved lik deltaking på tal renn.

2. plassering i KM (etter poengberekning frå 3 renn i KM)

SAK 26 25-27

Rammer for budsjett 2026

Administrasjonen sitt framlegg til budsjett for langrennskomiteen 2025 balanserer, med årsbudsjetterte driftsinntekter på kr. 1 353 000,- og årsbudsjetterte driftskostnader på kr. 1 353 000,-.

Drift komité

Det er budsjettert med kr 373 000,- i overføring av markedsinntekter jf. samarbeidsavtalane med Sparebank1 Sogn og Fjordane og SFE.

Vidare er det budsjettert med kr 30 000,- i lisensar/rennavgifter, og kr. 50 000 i momskompensasjon.

Det er budsjettert med kostnader knytt til krinsandel for utøvarar på regionlaga Team Elon Vest og Team SørVest.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. 409 500,-.

Sommarskiskule og Langrennskurs (sommarski)

Rekneskap for desse prosjekta vart frå 2019 overført LK (tidlegare har LK fått overført eit evt. overskot).

Det er budsjettert med kr. 20 000,- i kostnader for prosjekt sommarskiskule.

Langrennskursa er budsjettert med å balansere. På grunn av nedgang i kursaktiviteten siste åra er det ikkje lenger realistisk å budsjettere med overskot på langrennskursa.



Inntektene for sommarskiskulen er relatert til deltakaravgifter, medan kostnadane er relatert til honorar og reisekostnader til trenarar, kost og losji m.m.

Inntektene for trenarkursa er relatert til kursinntekter og vidarefakturering, medan kostnadane er relatert til honorar og reisekostnader til kurslærar, kost og losji m.m.

NM, jr. NM og HL

Ifbm. NM, jr. NM og Hovudlandsrennet er det budsjetttert at ein dekkjer reise- og opphald for støtteapparat og kostnader med smørøpplegg. Det er i tillegg budsjetttert med ein andel refusjonar i samband med desse arrangementa. Det er også budsjetttert med eit honorar for hovudleiar.

Årsbudsjetttert resultat på desse prosjekta er samla kr –94 000.

Cup/ SSF Cup

Ifbm. SSF Cupen er det m.a. budsjetttert med kr 60 000,- i kjøp av premiar, i tillegg til noko diverse kostnader.

Årsbudsjetttert resultat på dette prosjektet er kr. – 60 000,-.

FIS-renn

I samband med renna i Norgescupen er det budsjetttert at komiteen dekkjer reise, opphald og honorar for 1 hovudleiar på NC jr. I tillegg overnatting for 3 i støtteapparat (kvart arrangement) på NC jr.

På NC sr. er det budsjetttert ein mindre andel, då det er gjort avtale med andre kretsar og regionlag om at aktuelle løparar får ta del i deira fellesopplegg.

Det er også budsjetttert med ein andel refusjonar i samband med desse arrangementa.

Årsbudsjetttert resultat på dette prosjektet er kr. –73 000,-.

Krinslag

På krinslaget er det budsjetttert med kr. 200 000,- i årskontingent (krinslagskontingent).

Vidare er m.a. budsjetttert med kr. 100 000,- til krinslagsbekledning og kr. 135 000,- til overnatting.



Årsbudsjettet resultat på dette prosjektet er kr. – 150 000,-.

Langrennskomiteen

Til møteverksemd i langrennskomiteen er det sett av kr. 7 500,-.

VEDTAK

Langrennskomiteen gjer vedtak om å godkjenne budsjettet som det føreligg.

Vidare gjer langrennskomiteen vedtak om å vurdere justering av budsjett i høve ekstra kostnadar med NM del 2/ NC jr. Harstad.

RAPPORTERINGSSAKER

SAK 27 25-27

Rekneskapsrapport

Bakgrunn

Rekneskapsrapport pr. 07.11.2025 er sendt ut som eige vedlegg. Rapporten vert presentert i møtet.

Nøkkeltal;

Driftsinntekter LK: kr. 676 796,-

Driftskostnadar LK: kr. -552 122,-

Resultat: kr. 124 647,-

Eigenkapital LK pr. 31.12.2024: kr. 549 941,-

VEDTAK

Langrennskomiteen tek rapporten til orientering.

EVENTUELT

SAK 28 25-27

Gjennomføring sprint

VEDTAK

Langrennskomiteen gjer vedtak om å oppfordre arrangørane til følgjande gjennomføring av sprintrenn:

- Gjennomføre prolog og 2 eller 3 sprintheat (2 heat om ein gjennomfører sprintstafett etterpå)
- Heat kan gjennomførast på tvers av klassar, samanslåing av klassar vert gjort basert på påmeldingar.
- Ein legg ikkje opp til opprykk/ nedrykk
- Resultat blir bestemt ved poeng per heat

Neste møte i langrennskomiteen: januar (adm. lagar møteplan)



Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

André Haugsbø (s)
Leiar LK

Kennet Dvergedal (s)
Adm. sjef